



Pressemelding

Kontaktpersoner, RA:
Ivar Nesse-Aarrestad 98 20 28 49
Turid Årsheim 98 20 27 26

Kontaktperson, NMM:
Frode Kvalø 40 03 48 56
Jørgen Johannessen 40 03 66 97

Sperrefrist
KL. 13.00

Dato:
25.10.2019

300 år gammalt skipsvrak funne utanfor Søgne

Dykkarar frå Søgne dykkarklubb har funne 1700-talsgaleasen Juffrau Elisabeth i skjergarden utanfor Søgne. Riksantikvaren fredar vraket, gjev finnarløn til dykkarklubben og tilskot til Norsk Maritimt Museum for å gjennomføre ein grunndokumentasjon.

- Dette er eit fantastisk funn! Det er svært sjeldan ein finn over tre hundre år gamle skipsvrak som kan sporast i historiske kjelder og setjast namn på, seier riksantikvar Hanna Geiran.

Søgne dykkarklubb har leita etter skipet i over 10 år, og i påska lukkast dei altså med å lokalisere vraket.

Dokumentasjon av funnet

Norsk Maritimt Museum får tilskot til å gjennomføre ei grunnundersøkjing. Dette tilskotet er på 340 000,- kroner.

- Vi vil gjennomføre ein grunndokumentasjon av skipsfunnet i løpet av dei nærmaste vekene. Det inneber å bruke fotogrammetri for å skape ein 3D-modell av funnstadene. Foto takast med fjernstyrt undervassbåt. Deretter vil det bli bestemt om enkelte gjenstandar skal takast opp for konservering, seier Frode Kvalø, marinarkeolog hjå Norsk Maritimt Museum.

Gjenstandane som hentast opp, vil vere dei som er spesielt fagleg interessante og som kan komplementere det museet allereie har magasinert og utstilt.

- Skipsfunnet skal framleis framstå som ei uvanleg spanande opplevelse for dykkarar, så det vil ikkje bli heva mange gjenstandar, seier Frode Kvalø.

Dykkarklubben heidrast

- Dykkarklubben har gjort alt «etter boka». Dei rapporterte funna med ein gong, og røyrd ikkje vrakrestane. I tillegg dokumenterte dei funnstadene med video og bilete. Vraket er så vidt vi kan sjå urøyrd og vi kjenner skipet sitt namn frå historiske kjelder. Samla sett har difor vraket stor vitskapeleg verdi. Riksantikvaren har difor beslutta at det i denne saka er riktig å utbetale ein finnarlønn til dykkarklubben. Det er vel fortent, seier Ivar Nesse-Aarrestad marinarkeolog hjå Riksantikvaren.

Riksantikvaren - Direktoratet for kulturminneforvaltning
Dronningensgate 13, Pb. 8196 Dep. • 0034 Oslo • postmottak@ra.no • www.ra.no

Riksantikvaren er som direktorat for kulturminneforvaltning Miljøverndepartementets rådgivende og utøvende faginstans for forvaltning av kulturminner og kulturmiljøer. Direktoratet skal gi faglige bidrag til departementets arbeid med kulturminnevern.

Riksantikvaren har ansvar for at den statlige kulturminnepolitikken blir gjennomført, og har i denne sammenheng et overordnet faglig ansvar for den regionale kulturminneforvaltningens arbeid med kulturminnevern.



Juffrau Elisabeth

Den 21. mars 1760 sokk galeasen «Juffrau Elisabeth» i skjergarden utanfor Søgne, under kritikkverdige tilhøve. Skipet var på veg frå Amsterdam til Drøbak og besetninga bestod av skipper Pitter Eelkesh og hans mannskap på tre. Det gjekk på skjer heile tre gonger, med fulle segl. I sjøforklaringsa på Eid gard den 28. mars same år, vert skipperen og hans mannskap kritisert for ikkje å ha tatt ned segl, prøvd å få ankeret til å festne og elles sørga for å ha tau og anna reiskap tilgjengeleg for fortøyning. Forliset kan difor seiast å vere mistenkjeleg.

Utfrå historiske kjelder har ein tidlegare trudd at skipet vart redda, men no har ein altså funne vraket. Skipet vil vere ei fantastisk kjelde til informasjon for forskarar i framtida.

Riksantikvaren - Direktoratet for kulturminneforvaltning
Dronningensgate 13, Pb. 8196 Dep. • 0034 Oslo • postmottak@ra.no • www.ra.no

Riksantikvaren er som direktorat for kulturminneforvaltning Miljøverndepartementets rådgivende og utøvende faginstans for forvaltning av kulturminner og kulturmiljøer. Direktoratet skal gi faglige bidrag til departementets arbeid med kulturminnevern.

Riksantikvaren har ansvar for at den statlige kulturminnepolitikken blir gjennomført, og har i denne sammenheng et overordnet faglig ansvar for den regionale kulturminneforvaltningens arbeid med kulturminnevern.